



Slaktinga går mot slutten hos Kåre Vethus natt til tysdag. Dei tre andre i laget er Lars Haugland, Tor Ove Haugland og Arvid Eide. Arvid bur på Sotra men er frå Haugland og deltek i jakta kvar haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Haugland-laget opna hjortejakta med å fella fem hjortar på ein liten time måndag kveld og streka med det kraftig under at hjortestamma har vorte svært stor og treng regulering. Dei folkevalde i forvaltningskomiteen gav i siste møte uttrykk for at dei hadde stor forståing for dette og freista å auka kvota med eitt dyr.

Haugland hjortevald har fått redusert kvota si frå 17 til 14 tiltross for at det er "kollossalt mye hjort", for å nytta karane sine egne ord. Berre denne første jakt-dagen såg dei innpå 50 hjortar på sitt område og det har truleg aldri vore så mykje hjort i Haugvald-valdet..

I fjor hadde Haugland-laget fylt kvota den 5. oktober og 16 av dyra var bøtjuvar. I år lovar dei å vera ferdige innan 25. september. Dei hevdar at kvota deira godt kunne ha vore på 23-24 dyr utan at det hadde hatt nokon uheldig innverknad på stamma.

- Og vi kunne ha skote dobbelt så mange, seier karane.

Dei fem dyra dei starta jakta med var kolle med kalv og tre bukkar og den største av bukkane vog 121 kilo. Hjortane var vanlege, flotte dyr og bar ikkje preg av at det eventuelt har vorte for trongt i matfatet. Tre av dyra vart skote nær kalkingsanlegget og to på bakkane hos Bang.

Av Ola Matti Mathisen